

Referat AMU 10. november

Tilstade:

Sigbjørn Tvitekkja, hovudverneombod
Øyfrid Aufles, hovudtillitsvald UDF
Marianne Elsetrønning, bedriftshelsetenesten Avonova
Beate Våge Lia, kommunalsjef helse og omsorg
Rikke Raknes, rådmann

Forfall:

Vigdis Øverland hovudtillitsvald Fagforbundet, vara Ingvild Øverland

Ikkje møtt:

Torunn Raftevoll Rue, ingen vara

Andre til stade:

Pia Robertsen, einingsleiar ved Flatdal oppvekstsenter
Egil Birkrem, byggesakshandsamar

Ingvild Øverland godkjenner protokoll i staden for Vigdis Øverland.

Sigbjørn Tvitekkja ba om at alle medlemmane melder forfall dersom dei ikkje kjem i møtet.

26/22 Godkjenning av sakliste og innhald

Ingen merknader.

Vedtak: innkalling og saklista vart godkjent

27/22 Godkjenning av protokoll frå førre møte 15.09.2022

Merk at det ble sendt ei retting på saklista den 9. november.

Vedtak: protokollen vart vedteke utan merknader.

28/22 Flatdal Skule – Stadfesting på AMU sin medverking i prosjektet

AMU skal ha medverking i renoverings-/utbyggingsprosjekt. Egil Birkrem og Pia Robertsen gikk igjennom teikningar og status i arbeidet så langt. Arbeidet starta 1. september i år, og skal vere ferdig til 1. november 2023.

AMU kom med innspel på blant anna varme, garderobeforhold, HC (dusj, stellebord, heis), brann, arbeidsforhold for dei som jobbar på prosjektet, henting og bringing av barn, varelevering og HMS. Byggeleiinga tek desse med i det vidare arbeidet.

Det er ei krevjande tid for dei tilsette. Stor arbeidsbelastning å skulle tømme ei skule, ha meir vaktning ute, samtidig som ein skal drive opplæring. Større belastning på dei tilsette kvar einaste dag. dei manglar arbeidsrom, har oppløyst den bundne tida og har fellesmøter på teams. Tilbakemelding frå UDF ved skulen er at dei er godt nøgde med samarbeidet og tilsette sin medverknad i prosessen.

Vedtak: orienteringa vart teken til vitande.

29/22 – Gjennomgang av avvik i Compilo

Leiar gikk igjennom innkomne avvik i september, oktober og så langt november – til saman 14 avvik, derav 2 definert som alvorleg, 2 som middels alvorleg og 10 med lav alvorlighetsgrad.

AMU er bekymra for arbeidsmiljøet til tilsette ved Seljord skule som jobbar med elev det er knytt mange avvik til, og ynskjer at einingsleiar ved Seljord skule kjem i neste møte og orienterar om kva som er gjort og tenkt når det gjeld dei tilsette sin arbeidsmiljø.

Vi står ovanfor ei større utfordring for vaksenopplæringa i Telebygget nå når vinteren kjem. Romma er ikkje dimensjonert for så mykje folk. Sak om lokalar vidare for avdelinga skal til politisk handsaming i november og desember.

Vedtak: Informasjonen vart teken til vitande, einingsleiar ved Seljord skule inviterast med i neste møte

30/22 – Orientering om sjukefråvær 3. kvartal 2022

Sjå vedlagte presentasjon.

Rådmannen gikk igjennom tal for 3. kvartal. Vi er nøgde med nedgang frå sist. Totalt sjukefråvær for 3. kvartal var på 5,73 %, hvorav 1,67 % er eigenmeldt og 4,75 % legemeldt.

Bedriftshelsetenesten er inne med tiltak i Flatdal barnehage. Også Flatdal skule har stort fråvær. Med tanke på dei utfordringane dei står ovanfor det komande året med pågåande bygging, bør ny kommunalsjef ha eit særleg fokus på fråvær ved heile Flatdal oppvekstsenter.

I helse og omsorg er det henta inn ekspertbistand i 2 saker på sjukeheimen, og det skal vere ein temasamling den 18. november i regi av NAV.

Hugs at bedriftshelsetenesten kan gjennomføre kartleggingssamtaler ved behov.

Vedtak: informasjonen vart teken til vitande

31/22 – Framlegg av rådmannens budsjettforslag 2023

Rådmannen presenterte sitt budsjettforslag slik ho gjorde for kommunestyret. Saka går nå til politisk handsaming i råd og utval, med endeleg handsaming i kommunestyret 8. desember.

Tillitsvalde og verneombod kan sende skriftelge innspel som fyljer saka i den vidare handsaminga.

Vedtak: presentasjon vart teken til vitande. AMU vil neste år oppfordre til at leiarane brukar det som kjem fram i vernerunder i budsjettarbeidet.

32/22 Eventuelt

Møteplan 2023:

- 31. januar – 0830 til 1030
- 2. mai - 0830 til 1030
- 12. september - 0830 til 1030
- 8. november – 0900 til 1500

Godkjent elektronisk av Rikke Raknes og Ingvild H. Øverland 10.11.2022